



Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/179 - 16/2869

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
01.02.2016

Gbnr202/3 Hjelmås. Løyve til deling av tomt til bustad Helleåsen bustadfelt.

Eigedom: Gnr.202 bnr.3 Hjelmås
Adresse for eigned.: 5915 Hjelmås
Type tiltak: Deling av tomt til bustad i regulert bustadfelt.
Heimelshavar: Geir Styve
Søker: Geir Styve

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå tomt 6 i Hjelmåsen bustadfelt. Tomta har eit areal på om lag 1000m². Tomta skal nyttast i samsvar med gjeldande plan.

Planstatus/dispensasjonar:

For området gjeld godkjend reguleringsplan for Hjelmåsen bustadfelt. Rekkefølgekrava som er sett i føresegnene for feltet før deling kan skje, er oppfylt. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

Nabovarsel:

Nabo har fått varsel, og har ikkje komme med merknad.

Tilkomst, vassforsyning og avløp:

Tilkomst, vassforsyning og avløp skal byggast ut i samsvar med reguleringsplanen for feltet.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til dele frå tomt 6 i Hjelmåsen bustadfelt, slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknaden stempla motteke i kommunen 18.01.2016. Arealet skal nyttast i samsvar med reguleringsplanen.



Grunngjeving for vedtaket:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn ikkje er eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Deling gjeld tomt i regulert bustadfelt. Storleik og plassering er i samsvar med planen.

Deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 17. desember 2015, gjeldande frå 1. januar 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.4000,-

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Geir Styve

Hjelmåsen 37 5915

HJELMÅS